



BRØDRENE HJØNNEVÅG AS
Børnes
5463 USKEDALEN

Saksbehandlar, innvalstelefon

Arnt Erik Nordheim, 5764 3191

Kvinnherad kommune gnr. 134 bnr. 34 mfl. Detaljreguleringsplan, Børnes næringsområde


Vi viser til oversendingar frå Kvinnherad kommune 09.03.2023, som gjeld to klager på vedtak frå kommunestyret 27.10.2022. Klagen er framsette innanfor fristen, og vilkåra for å handsama klagen er oppfylte. Statsforvaltaren beklagar den lange handsamingstida, og ulempene dette måtte ha medført.

Vedtak

Statsforvaltaren i Vestland opphevar vedtaket frå Kvinnherad kommunestyre 27.10.2022, sak 92/2022, der detaljreguleringsplanen for Børnes næringsområde vart godkjent.

Bakgrunn for saka

Kvinnherad kommunestyre vedtok detaljreguleringsplan for Børnes Næringsområde¹ i møte den 27.10.2022. Reguleringsplanen erstattar den eldre reguleringsplanen for Børnes,² som ikkje held dagens krav til moderne næringsareal. Formålet med detaljreguleringa er å leggje til rette for framtidig og maritimt retta næringsareal, på ein av dei få lokalitetane som har potensiale for dette i kommuneplanen. Planområdet har ein storleik på om lag 234 daa, inkludert areal i sjø.



¹ PlanID: 4617_20190006.

² PlanID: 19780007, i kraft 23.02.1978 (industri).



Planarbeidet har ein lang sakshistorikk, jf. oppstatsmøte 13.06.2019 og oppstartsvarsel datert 27.06.2019. Planframlegget vart sendt på høyring og låg ute til offentleg ettersyn i perioden 16.06.2020 til 07.09.2020. Vi viser til planutkastet og til innspela som kom inn ved høyringa.

Under høyringa vart det mellom anna halde dialogmøte mellom kommunen og Statsforvaltaren v/plan 18.09.2020, jf. fråsegn 25.09.2020, og eit nytt oppfølgingsmøte 24.11.2020.³ Tema for dialogmøta var i hovudsak landskapsverknader, støy og drift av mellombelse steinknuseverk i planområdet. Planseksjonen uttalte om støy (utdrag):

«...Det er bestemt i føresegnene at kvar enkelt bedrift følger retningslinje T-1442 og forureiningslova med tilhøyrande forskrifter. Fylkesmannen finn at dette er noko vakt, og at ein også til dømes må gjere greie for samla støybelastning frå heile næringsområdet og eventuelle verknader dette har på nærliggande bustader. Retningslinja er rettleiande, ikkje rettsleg bindande. Men planar, der støy er tema, skal ha føresegner om støy (støygrensar, ev. driftstider og ev. nødvendige tiltak for å redusere støy) i samsvar med det «slingsrommet» som er gjeve i T-1442...»

Planføresegnene vart deretter justerte, med framlegg til terskelverdiar for samla støybelastning, krav om støykartlegging ved ny eller vesentleg endra industriverksemd, bortfraktning av stein til godkjent knuseverk for felt BN7 og BN8, og andre endringar, inkludert skildringa i planomtalen.⁴ Etter endringane hadde Statsforvaltaren ikkje lenger merknader til planen, jf. brev 04.01.2021.

I etterkant av møta kom det inn fleire merknader, mellom anna frå referansegruppa og frå grunneigar Eidsvik og Selstad Eigedom AS⁵, der ein bad om at planen ikkje vart vedteken. Merknaden frå grunneigar vert også følgd opp av brev frå SANDS Advokatfirma DA av 15.03.2021. I merknaden gjorde ein gjeldande at planutkastet var vesentleg endra, og at planen ikkje kunne vedtakast utan nytt offentleg ettersyn.

Kvinnherad kommunestyre vedtok å returnere planutkastet, jf. pbl. § 12-12 første avsnitt. Det vart her lagt føringar om ei politisk arbeidsgruppe, og gjennomføring av avklaringsmøte med den faste referansegruppa for næringsarealet på Børnes. Vi viser til vedtaket 25.03.2021. I den vidare perioden, frå april 2021 til september 2022, vart det halde tre møte med politisk arbeidsgruppe, før planutkastet vart lagt fram for ny slutthandsaming.

Ved vedtak 13.09.2022 avgjorde Plan, teknikk og miljøutvalet å sende saka tilbake til administrasjonen. Ved nytt politisk arbeidsgruppemøte 27.09.2022 vart det gjort nye justeringar, mellom anna til pkt. 2.4; *Støy*. Kommunen la her til grunn at støyretningslinje T-1442 ville ivareta nasjonale forskriftskrav for området, og at det ikkje var behov for meir detaljerte føresegner om støy og støygrensar.

Planframlegget vart deretter fremja for slutthandsaming, og vedteke av kommunestyret 27.10.2022 i sak 2022/92. Statsforvaltaren viser til saksframlegget, side 6-7, det endringane som er gjort etter offentleg ettersyn, er opplista i 17 kulepunkt (utdrag, døme):

- [...]
- For å få i stand ein meir fleksibel plan er det det gjort mogleg at kaiene SK2-4 kan byggjast samanhengande.
- [...]

³ Vår ref. 2019/14081.

⁴ Planføresegner reviderte 17.11.2020, og planomtale revidert 01.12.2020.

⁵ Gbnr. 134/44, 134/64 og 134/85



- *Ein har justert %-BYA til høvesvis BN1, BN2, BNB5, BN7, BN8 og BN11. Planeringa er i stor grad bevart frå 2. gangs høyinga med enkelte justeringar i kote på områda BN7 og BNB8.*
- *Byggehøgde er også i vesentleg grad verna^[6] frå tidlegare. Ein har vurdert ei auke i byggehøgda på BN9 og BN12, og det er gjort nokre justeringar i [kart] som gjeld at føresegnområde er teke ut for å få ein meir fleksibel plan.*
- *Føresegn om dokumentasjon samt handtering av støygrenser er tatt ut av planen. T-1442 nyttast om handsaming av støy i planområdet.*
- *Restriksjonar om støyande samt støvande verksemdar i planområdet er tatt ut av planen.*
- *Ein legg ikkje lenger opp føringar på korleis stein og massar skal handterast tilknytt opparbeiding av BN7, BN8 og BN9.*
- *Rekkjeføljekravet om plan for massehandtering før igangsetting av tiltak på BN7, BN8 og BN9 er tatt ut av føresegn.*
[...]

Statsforvaltaren viser elles til planvedtaket med grunngjeving og grunnlagsdokument.⁷

Kommunen kunngjorde det planvedtaket 29.11.2022, der klagefristen vart sett til tre veker frå kunngjeringsdato.

Brødrene Hjørnevåg AS (gbnr. 134/63) klagar på vedtaket 07.12.2022. Føretaket meiner for det første at det gjort handsamingsfeil, ettersom dei innkomne merknadane deira ikkje er kommenterte i saksframlegget, jf. pbl § 12-12 første avsnitt. Vidare krev verksemda at planen vert lagt ut til nytt offentleg ettersyn på grunn av endringane som er gjorde. Føretaket peiker på følgjande endringar, som dei meiner er spesielt negative for deira verksemd:

- Fjerning av føresegnene om støygrenser, erstatta med tilvisinga til T-1442
- Fjerning av restriksjonar for støyande og støvande verksemd
- Fjerning av føringane for stein- og massehandtering ved opparbeiding av BN7, BN8 og BN9
- Fjerning av rekkjeføljekrav om plan for massehandtering for tiltak på BN7, BN8 og BN9

Føretaket viser til at føresegnene som låg føre ved første gongs handsaming, sette klare føringar for knusing av stein innanfor det regulerte området. Føringane var baserte på funn i ROS-analysen i planomtalen. Føresegnene sette også krav til handtering og planering innanfor visse areal, og innanfor ei avgrensa tid. Overskotsmassane skulle fraktast bort for knusing utanfor området. Slik planen er vedteken, meiner klagaren at han gjev lite føreseielege rammer for Brødrene Hjørnevåg AS si næringsmiddelverksemd.

Liv Astrid Myhre mfl. klagar på planvedtaket 20.12.2022. Klagen er påført fleire underskrifter frå den tilgrensande busetnaden til Børnes næringsområde, og gjeld endringane i planen. Klagarane meiner planen må leggjast ut til nytt offentleg ettersyn.

Naboane viser til vedvarande ulemper med støy og støv, utan at dette vert teke omsyn til i planen. Forholda er blitt peika på fleire gongar, og klagarane meiner at arbeidet går «på helsa laus». Dei reagerer derfor på at reguleringane av steinknusing og knuseverk, tidsplanar og massehandtering er tekne ut av planen, så vel som det dei meiner er viktige rekkjeføljekrav.

⁶ Vi legg til grunn feilskrift, skal vere *endra*.

⁷ <https://www.arealplaner.no/4617/arealplaner/328>



Klagarane er positive til næringsarealet og arbeidsplassane det tilfører områder, men meiner dei allereie har blitt utsett for vedvarande ulemper i ca. 10 år. Planen, slik han er utforma etter kommunestyret sitt vedtak, gjev ingen synleg ende på dette. Vi viser til klagen.

Medlemmer i referansegruppa v/Eidsvik & Selstad Eigedom AS, Br. Musland Maskin AS og Tveiten Maskin AS, har kommentert klagen frå Brødrene Hjørnevåg AS. Selskapa viser til at dagleg leiar Marit Hjørnevåg sjølv har vore medlem i referansegruppa, og delteke i møte med den politiske arbeidsgruppa. Under møtet 27.09.202 skal løysningane ha blitt drøfta og presenterte, utan at nokon av møtedeltakarane hadde innvendingar eller kommentarar. Føretaka stiller seg derfor spørjande til klagen, og kva Brødrene Hjørnevåg AS meiner er endra til deira ulempe.

Støyretningslinje er gjort rettsleg bindande gjennom planføresegn 2.4.1, og det er ikkje behov for meir detaljert regulering. Statsforvaltaren i Vestland har også belyst regelverket i vedtak 16.11.2022,⁸ sjølv om denne avgjerda ikkje gjeld reguleringsplanen direkte. For så vidt gjeld massehandteringa, viser føretaka til at dette vert regulert av andre sektorstyresmakter, og at meldeskjema sendast til Statsforvaltaren etter ureiningsforskrifta kap. 30.⁹ Det er ikkje nødvendig med føresegn om grenseverdiar og sakshandsaming som er regulert av anna lovverk. Det er derfor heller ikkje nødvendig med ny høyring eller nytt ettersyn. Brødrene Hjørnevåg AS har hatt gode føresetnader for medverknad, jf. plan- og bygningslova § 5-1, og deira synspunkt var godt kjende for politikarane før vedtak.

Kvinnherad kommunestyre handsama dei to klagenes i møte 23.02.2023, sak 15/23 og 16/23, men fann ikkje grunn til å ta klagenes til følgje. Vi viser til klagevurderinga, og til sakstilfanget i sin heilskap.

Regelverk

Statsforvaltaren er delegert myndigheit til å avgjere klager på enkeltvedtak etter plan- og bygningslov, sjå plan- og bygningslova § 1-9 og rundskriv T-2/09 frå Kommunal- og distriktsdepartementet. Statsforvaltaren kan prøve alle sider ved vedtaket, også dei skjønsmessige vurderingane som kommunen har gjort, jf. forvaltningslova § 34. Ved prøving av det kommunale skjønnnet skal Statsforvaltaren leggje stor vekt på omsynet til det lokale sjølvstyret.

Etter plan- og bygningslova § 3-3 er det kommunestyret som er planstyresmakt og som har ansvaret for arbeidet med reguleringsplanar. Det er kommunestyret som etter ei omfattande vurdering av dei ulike omsyna i planområdet, avgjer kva areal som skal inngå i planen, og kva desse areala skal nyttast til, jf. plan- og bygningslova § 12-12.

Reguleringsplanar vert til gjennom ein omfattande avgjerdsprosess. Plan- og bygningslova §§ 12-8 til 12-10, jf. kap. 4, har nærare føresegn om korleis framlegg til reguleringsplanar skal handsamast. Sakshandsamingsreglane skal sikre demokratiske omsyn som medverknad, offentlegheit og samråd med dei planen får følgjer for. I planleggingsprosessen må ulike interesser, fordelar og ulemper vegast mot kvarandre. Dette vil regelmessig føre til at planane får negative konsekvensar for enkelte.

Forvaltningslova gjeld elles ved handsaminga av saker etter plan- og bygningslova der det ikkje er bestemt noko anna, jf. plan- og bygningslova § 1-9.

Statsforvaltaren si vurdering

⁸ Vår ref. 2022/8636; løyve til tomteplanering gbnr. 134/85 (30 800 m³).

⁹ [FOR-2004-06-01-931](#).



Det ligg føre to klager på reguleringsplanen, som kommunen har handsama kvar for seg. Statsforvaltaren ser klagen i samanheng og handsamar dei samla. Vi oppfattar at klagarane har felles interesse i å motsette seg reguleringsplanen i noverande form. Begge klagarane har også kravd nytt offentleg ettersyn, og til dels vist til dei same momenta som støtte for dette.

Saksframstillinga. PBL § 12-12

Vi kommenterer først klagegrunnen om saksframstillinga til slutthandsaminga 27.10.2022, der planvedtaket vart gjort. Det følgjer av plan- og bygningslova § 12-12 at saksframlegget for slike saker skal vise korleis kommunen vurderer dei innkomne merknadane, og kva betydning dei har hatt. Formålet med denne særregelen er å gjere dei folkevalde meir medvitne om verknadane av planen, og også om motførestillingane som har kome inn. Det er derfor sentralt at desse vert formidla korrekt. Vidare er det eit viktig formål å synleggjere kvifor og i kva grad desse innvendingane har, eller ikkje har, ført til endringar i utkastet.

Brødrene Hjønnvåg AS har rett i at merknadane ikkje går fram av saksframstillinga. Det førekjem at ei sak vert fremja til slutthandsaming fleire gonger, slik som her, men kravet til framstilling gjeld like fullt. Dersom merknadane vert omfattande, kan det lagast eigne merknadsskjema, og som følgjer som vedlegg til saksframstillinga. Statsforvaltaren er kjent med at det vart laga merknadsskjema etter offentleg ettersyn, og som følgde som vedlegg til kommunestyret 25.03.2021. I dette møte vart planframlegget returnert, og skjemaet var ikkje del av den endelege slutthandsaminga 27.10.2022. Skjemaet som er publisert i det kommunale planarkivet saman med plandokumenta (note 7), er ikkje oppdatert sidan januar 2021.

Vi oppfattar at kommunen i staden har valt å gjere greie for prosessen som fann stad etter mars 2021 i saksframlegget, og kva endringar prosessen munna ut i. Det er klart at dei folkevalde, gjennom tett oppfølging i den politiske arbeidsgruppa, hadde god kunnskap og innsikt i dei ulike standpunkta frå arbeidsgruppa. Det er samstundes slik at planarbeid også har ei allmenn og offentleg side, der privatpersonar, interesseorganisasjonar og andre som ikkje sjølv er part, skal kunne følgje prosessen og gjere seg kjende med verknadane, jf. plan- og bygningslova § 1-1 fjerde ledd. I denne saka gjekk det lang tid frå kommunestyret avviste framlegget i mars 2021, og til den nye slutthandsaminga i oktober 2022.

Det er ein formalfeil at merknadsskjemaet ikkje følgde med til kommunestyrehandsaminga. Kommunen burde nok også ha vurdert om ikkje skjemaet skulle ha vore oppdatert før vedtak, for å gje eit betre bilete. Vi går ikkje nærare inn på moglege verknader av dette, idet klagen har ført fram på anna grunnlag.

Innhaldet i planen. Planprosess og medverknad

Når det gjeld innhaldet i planen, er begge klagarane ueinige i endringane som er gjort for regulering av støv og støy. Begge har også gjort gjeldande at framlegget i alle høve skulle vore sendt på ny høyring. Vi ser slik på dette:

Det følgjer av plan- og bygningslova § 4-3 at alle planar for utbygging skal ha ein risiko- og sårbarheitsanalyse (ROS). Analysen skal vise alle risiko- og sårbarheitsforhold som har betydning for om arealet er eigna til utbyggingsformål, og eventuelle endringar i slike forhold som følgje av planlagt utbygging. Vidare skal planstyresmakta «...vedta slike bestemmelser om utbygging i sonen, herunder forbod, som er nødvendig for å avverge skade og tap...». Både kartlegging, analyse og vurdering av sikringstiltak skal altså gjerast som ein del av planarbeidet, og resultatet må i nødvendig utstrekning innarbeidast og komme til uttrykk i planane.



I planomtalen som låg føre til offentlig ettersyn i 2020, er det i ROS-analysen (s. 50) konkludert med mogleg støy frå verksemdar innanfor planområdet. Hendinga var føreslegen avbøtt med krav i byggt teknisk forskrift og føringar støyretningslinje T-1442. Som nemnt på s. 2 ovanfor, kom sektorstyresmaktene til at dette ikkje var tilstrekkeleg, slik at følgjande endringar vart innarbeidde:

Utkast til planføresegner per 17.11.2020 pkt. 2.4 flg., utdrag (endring i raudt):

2.4. Støy

2.4.1. Verksemd innanfor planområdet skal stette krav til støy i byggt teknisk forskrift, og vera i samsvar med den til kvar tids gjeldande Retningslinje for behandling av støy i arealplanlegging T-1442. Særleg støybelastande aktivitetar skal primært ikkje føregå på nattetid eller søndag/heilagdag.

2.4.2. Samla støybelastning frå verksemdar innanfor planområdet skal ikkje overskride tabell under. Grenseverdiane gjeld på uteplass og utanfor rom med støyfølsam bruk. Grensa omfattar også støy frå skip/fartøy/andre flytande konstruksjonar ved kai eller hamneområde i sjø. L_{den} -verdiane skal bereknast som døgnmiddelverdiar.

Man-fredag, Dagtid: Kl.07-19	Man-fredag Kveld: Kl. 19-23	Laurdag Kl. 07-23	Søndag/ heilagdag Kl. 07-23	Natt Kl. 23-07
55 L_{den}	50 $L_{evening}$	50 L_{den}	45 L_{den}	45 L_{night} , 60 L_{AFmax}

* Dersom anlegg avgir impulslyd, jf. definisjon i T-1442, er grenseverdien 5 L_{den} lågare.

I den vedtekne planen er desse restriksjonane tekne heilt ut, og erstatta med ei tilvising til støyretningslinje T-1442 og støymåling, som skal gjelde for verksemdene i planområdet.¹⁰ Denne framgangsmåten er ikkje tilrådd, jf. dåverande rettleiar M-128¹¹ s. 35-36. M-128 viser til at det enten bør setjast talfesta grenseverdiar for støy, eller alternativt at konkrete tabellar i støyretningslinja, skal gjelde. Vi viser også til døme på reguleringsføresegner it T-1442/16 pkt. 3.3. Vi konstaterer også at sektorstyresmaktene kravde at føresegnene måtte konkretiserast. Kommunen har gått bort frå dette, slik at planen ikkje lenger har tydelege føringar for samla støybelastning, eller for handtering av til dømes langvarig bygge- og anleggstøy.

Under høyinga vart det også gjort framlegg om å gje føringar for mellombels steinknuseverk på staden, jf. planomtalen pkt. 4.10.2 (s. 46, avsn. 2), og føresegnene pkt. 3.3.12 mfl. Stadleg steinknuseverk vart føreslege tillate «...så lenge det er behov for massehandtering knytt til opparbeiding av området BN8». ¹² I den vedtekne planen er desse restriksjonane og avgrensingane tekne heilt ut, under tilvising til at krav kan setjast gjennom særlov.

Det er for så vidt rett at kommunen bør vere varsame med å gjenta føresegner i ein plan, dersom krava er regulerte gjennom sektorlovgjevinga. Statsforvaltaren vil derimot peike på at formålet med plan- og bygningslova § 12-7 nr. 2 og 3, mellom anna er at kommunen skal få høve til å vurdere strengare krav, eller særskilte supplerande vilkår, der dette er nødvendig ut frå forholda på staden.

Grunngevinga om at forureiningsforskrifta kap. 30 tilstrekkeleg ivaretek desse forholda, virkar svakt utgreidd og grunngeven i plandokumenta. Slik vi oppfattar planomtalen s. 10, kom den siste endringa til etter eit møte i referansegruppa 27.09.2022. Det ikkje noko som underbyggjer at til dømes sektorstyresmaktene, og som hadde stilt seg spørjande til ei liknande løysing i tidleg planfase, vart førespurde om innspel eller medverknad før vedtak.

¹⁰ Planføresegnene pkt. 2.4.1 til 2.4.3.

¹¹ Rettleiar til støyretningslinje T-1442/2016, Miljødirektoratet (2014), [no erstatta av M-2061](#).

¹² Motsett tidlegare utkast : «BN7-9 samt kaiområde SK2».



På grunn av sammenhengen med terrenginngrepa og steinknuseverket elles, tek vi med at kommunen gav Eidsvik & Selstad Eigedom AS løyve til tomteplanering på gbnr. 134/85 den 09.03.2022. Statsforvaltaren stadfesta løyvet 16.11.2022 (jf. note 8). I vedtaket tok vi tydeleg atterhald om handsaminga var avgjort ut frå dåverande plansituasjon (1978), sidan kommunen ikkje hadde gjeve mellombels forbod mot tiltak, i påvente av den nye planen.

Vi viste til dei grenseverdiane som var føreslegne i «utkastet til ny reguleringsplan § 2.4 flg.», som etter pbl. § 12-7 nr. 3 også ville ha vore bindande for pågåande verksemd. På tidspunktet for klagesaka var Statsforvaltaren ikkje gjort kjent med at dei føreslegne restriksjonane var fjerna. Sjølv om klagen på tomteplaneringa ikkje førte fram, var avgjerda ikkje meint å takast til inntekt for at plansituasjonen frå 1978 var tilrådeleg mtp. støyregulering. Vedtaket kan heller ikkje lesast som at dei føreslegne støyverdiane for samla støybelastning, ikkje var nødvendige. Statsforvaltaren viser også til at tiltakshavaren hadde lagt fram «Massehåndteringsplan», og som la opp til at ca. 7 500 m³ av totalt 30 000 m³ skulle knusast og nyttast på staden, medan resterande fraktast til godkjent deponi i Uskedalen.

Av andre endringar som har funne stad, ser vi at det under høyringa vart føreslege justeringar av byggehøgden, med eit opptrapping av byggehøgder i felt BN9 (15 % opp til 18 meter, i tillegg til 15 % opp til 23 meter). Møtereferata mellom kommunen og (då) Fylkesmannen frå september til november 2020 syner at det var dialog kring desse punkta. Vi oppfattar at sektorstyresmaktene tok atterhald om motsegn, fram til dette og andre punkt vart avklara 04.01.2021. I den vedtekne planen er føresegnene om avtrapping tekne ut, og byggjehøgda auka til 28 meter. Dette berre viser vi til.

Spørsmålet som klagarane har fremja for Statsforvaltaren i denne klagesaka, er for det første om dei vedtekne løysingane er forsvarlege, og i tillegg om kommunestyret kunne gjere planvedtak den 27.10.2022, utan ytterlegare høyring og medverknad.

Som vi tidlegare har vist til, går reglane om slutthandsaming og vedtak fram av plan- og bygningslova § 12-12 første avsnitt. Når kommunestyret gjorde sitt vedtak i saka, var det på grunnlag av det ferdig handsama planframlegget frå administrasjonen og politisk arbeidsgruppe. Problemstillingane er om endringane frå denne fasen, var for omfattande, samanlikna med tidlegare utkast.

Det er alminneleg akseptert at kommunen kan gjere enkelte endringar i og justeringar i eit planutkast, særleg basert på innspela som har kome fram i høyringa. Dette er mellom anna omtala i juridisk teori:¹³

«... I forbindelse med den etterfølgende behandlingen i kommunen kan det gjøres mindre endringer i forslaget, blant annet for å imøtekomme innvendinger som er fremkommet under høringen. Endringer av vesentlig betydning for arealbruken, som høringsinstansene og berørte grunneiere ikke har hatt foranledning til å uttale seg om, kan derimot ikke vedtas. Ønsker kommunestyret å vedta slike endringer, må det i tilfelle utarbeides nytt planforslag som sendes på høring og legges ut på nytt offentlig ettersyn...»

Litt forenkla har forvaltningspraksis vore at kommunen står fritt til å justere dei elementa som allereie ligg inne i planframlegget, medan fjerning av arealbruk eller innføring av nye byggeområde normalt må reknast som vesentlege endringar. Høvet til justeringar må også sjåast i lys av reglane om forenkla endringsprosess, jf. plan- og bygningslova § 12-14 andre avsnitt. Etter tredje

¹³ Innjord / Zimmermann (2020) s. 380.



avsnitt § 12-14 er det ikkje krav om ettersyn ved såkalla 'mindre' endringar, men også slike endringar skal leggjast fram for direkte råka partar og styresmakter, med ein høveleg frist som kommunen set.

Vidare er det sikker rett at moglege innvendingar som kjem fram ved ei slik, avgrensa høyring, kan føre til at endringsframlegget i staden lyt handsamast etter dei vanlege reglane, med mist seks veker offentleg ettersyn, jf. § 12-10.

Det er ikkje slik at ein kvar form for protest er til hinder for det forenkla sporet, men ei planendring kan ikkje vedtakast ved merknader «... som har karakter av innsigelse» frå dei direkte råka styresmakt.¹⁴ Slik denne saka er framstilt for oss, er det vanskeleg å utelukke dette. Vi viser på nytt til at planutkastet, både under og direkte etter det offentlege ettersynet, var gjenstand for fleire dialogmøte med Statsforvaltaren sin planseksjon. Både støyføresegene, massehandteringa, omfanget av steinknusing på staden, i tillegg til utforming og stadtilpassing, var tema under møta.

Slik vi les dokumenta, var utkastet til planføresegner per 17.11.2020 ein revisjon basert på innspel frå dialogen, der høyringsinstansen «...etter grundig gjennomgang av tema støy og forureining i reviderte føresegner...»¹⁵, også var positiv til justerte plandokument.

Vi kjem derfor til at kommunen, som eit minimum, skulle ha lagt dei siste endringane fram for sektorstyresmaktene og andre direkte råka gjennom ei 'avgrensa høyring'. Vi viser då til at offentlege organ ikkje berre har plikt, men også ein lovfesta rett, til delta i planlegginga innanfor sitt saksfelt, jf. pbl. § 3-2. Det er kommunen som skal leggje til rette for slik involvering og medverknad, jf. pbl. § 5-1, på same måte som andre planforlagsstillarar. Reglane i plan- og bygningslova §§ 12-8 til 12-10 må også reknast som minstekrav til ein slik prosess, og vert supplert av forvaltningslova sine krav til saksopplysing og informasjon, jf. pbl. § 1-9, jf. fvl. § 17 mfl.

Vi kjem altså til at detaljreguleringsplanen ikkje kunne vedtakast i møtet 27.10.2022, utan ytterlegare høyring eller medverknad. Planutkastet var endra på fleire, til dels vesentlege punkt, sjølv om hovudtrekka i arealbruken var den same. Endringane var kontroversielle, og kan saka kan ikkje seiast å ha vore forsvarleg opplyst før vedtak.

Klagene har derfor ført fram, og vi har oppheva planvedtaket som ugyldig. Vedtaket på side 1 i dette brevet er endeleg og kan ikkje klagast vidare, jf. forvaltningslova § 28 tredje avsnitt.

Følgjene av opphevinga er at kommunen lyt handsame planframlegget på nytt. Dersom kommunen går vidare med planen, slik han ligg føre, vil vi rå til at endringane frå den politiske styringsgruppa, vert sende på avgrensa høyring som nemnt, om ikkje kommunen i staden finn det meir føremålstenleg med eit alminneleg, offentleg ettersyn. Vi presiserer elles at det er kommunen sjølv som tek stilling til den vidare handsaminga.

Med helsing

Anne Kristin Kayser Eitungjerde
fung. kommunaldirektør

Arnt Erik Nordheim
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent

¹⁴ Prop. 149 L (2015-2016) s. 76.

¹⁵ Referat, teams-møte 24.11.2020, Kvinnherad kommune ref. 2019/1179-193.



Kopi til:

Kvinnherad kommune
EIDSVIK & SELSTAD EIGEDOM AS

Rosendalsvegen 10
Børnes 4

5470
5463

ROSENDAL
USKEDALEN

Mottakerliste:

BRØDRENE HJØNNEVÅG AS
Liv Astrid Myhre

Børnes
Uskedalsvegen 771

5463
5463

USKEDALEN
USKEDALEN